

Samarbeidsavtale mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn meinings og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd er styrking av det naudsynte samspelet mellom kommunen og idrettsrådet. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar.

Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som klubbane ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Det betyr at kommunen ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at den har vore på høyring hjå idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhengig av type sak.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom idrettslag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Radøy idrettsråd og Radøy kommune skal vera basert på openheit og meiroffentlegheit.

I tida framover er det semje om at Radøy idrettsråd tidleg skal inkluderast i prosessen fram mot komunesamanslåinga.

Høyringsrett

Radøy idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Radøy kommune sin administrasjon sørger for at Radøy idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapira til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelige skriftlege saksdokumentasjonen.

Administrative møte

Kommuneadministrasjonen og Radøy idrettsråd møtast minst éin gong pr. år, og elles ved behov.

Informasjonsmøte

Dersom det skjer store endringar/ omleggingar av til dømes tilskotsordningane skal Radøy kommune kalla inn idrettsrådet til møte.

Kommunale støtteordningar

Radøy idrettsråd gir tilråding til kommunen om fordeling av kommunale kulturmiddlar og anleggsmiddlar til idrettslaga.

Anlegg/nybygg

Radøy idrettsråd skal vurdera søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gje prioriteringar av ulike typar anlegg (små, store, rehabilitering) som innspel til handlingsplanen til kommunen.

Radøy idrettsråd skal gi tilråding til kommunen om den årlege prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

Revisjon/oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld fram til Radøy kommune går saman med Lindås og Meland kommunar frå 1. januar 2020. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

Det er eit ynskje frå partane i avtalen at det vert underteikna avtale mellom nytt idrettsråd og ny kommune så snart som råd etter kommunesamanslåinga.